

Årsmelding for Oslo Mållag 2019–2020

Årsmelding lagd fram på årsmøte mandag 26. februar 2020, kl. 17.30–18.30

Stad: Lagssalen, Nynorskens hus, Rosenkrantz gate 8, Oslo sentrum

Framlegg til sakliste frå styret:

Sak 1: Opning. Velkomen til årsmøte i Oslo Mållag ved leiar Ellen Hellebostad Toft
Godkjenning av innkalling og sakliste

Val av ordstyrar, møteskrivar og møtebokunderskrivarar

Sak 2: Årsmelding 2019–2020

Sak 3: Arbeidsprogram 2020

Sak 4: Rekneskap for 2019, budsjett for 2020

Sak 5: Fastsetjing av årspengar for 2021

Sak 6: Val av styre

Sak 7: Val av ettersyn

Sak 8: Val av valnemnd

Sak 9: Val av utsendingar til årsmøtet til Fylkesmållaget Vikværingen

Sak 10: Val av utsendingar til landsmøtet i Stavanger i april

Sak 11: Anna

SAK 1: Opning

Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til ordstyrar: Vegard T. Foseide

Framlegg til møteskrivar: Mads Rage

Framlegg til møtebokunderskrivarar:

SAK 2: Årsmelding 2019–2020

Denne årsmeldinga tar for seg tida mellom årsmøtet 13. mars 2019 og årsmøtet 26. februar 2020.

Årsmøte 2019

Årsmøtet var 13. mars i Skrivarstova til Noregs Mållag, Lilletorget 1, Oslo sentrum. 10 personar

møtte opp på årsmøtet.

Styret 2019–2020

I perioden har desse sete i styret:

Leiar: Ellen Hellebostad Toft
Nestleiar: Vegard T. Foseide
Økonomiansvarleg: Ole Jan Borgund
Styremedlem: Mads Rage
Styremedlem: Liv Eldegard Talle

1. varamedlem: Geir Egil Eiksund
2. varamedlem: Jorunn Thingnes
3. varamedlem: Sigrid Sørungård Botheim

Styrearbeid

Styret har hatt sju møte i perioden. Mellom møta har det vore ein del e-postkontakt. I tillegg til vanlege styremøte har eit utvida lag hatt fire møte, ein dugnadskveld og ein arbeidsdag i samband med nynorsk motivasjonsdag i oktober.

Medlemstal

Ved utgangen av 2019 hadde laget 565 betalande medlemmer, mot 562 i 2018. Dette var likevel ein auke på 56 nye samanlikna med 2018 (nokre utmelde og avlidne er òg med i rekneskapen).

Tilskippingar og andre aktivitetar

I perioden har vi hatt fire særskilde arrangement i regi av Oslo Mållag («mållabarar»), to på våren (12. mai og 26. mai) og to på hausten (16. oktober og 8. desember).

21. januar

Styret heldt eit middagsarrangement i høve årets første styremøte.

13. mars

Det vart heldt årsmøte på Skrivarstova, Lilletorget 1.

4. mai

I samband med nynorskdagen 12. mai (sjå neste punkt) delte Oslo Mållag ut målblomen for 2019 til Oslos varaordførar Kamzy Gunaratnam.

12. mai

Hausten 2018 kom det opp eit framlegg i styret om å opprette ein eigen dag, nynorskdagen, for å feire årsdagen for jamstillingsvedtaket i 1885. Oslo Mållag markerer difor nynorskdagen frå og med 2019. Vi arrangerte elvevandring langs Akerelva der vi delte ut heimebakte bollar og innmeldingsblankett i mållaget til alle vi møtte. Vi heldt ein appell på Vår Frelzers gravlund ved bautaen til Ivar Aasen, og framførte ein tekst ved Hønse-Lovisas hus. I Nydalen vart det arrangert nynorsk-kviss med premiar. Det var eit veldig vellykka arrangement, som vi ønskjer å halde årleg. I 2020 vert det 135-årsjubileum også.

26. mai

26. mai arrangerte Oslo mållag og Maridalen kyrkjelyd forfattarkveld i Maridalen kyrkje i høve åremålsdagane til Kjartan Fløgstad (75 år) og Lars Klevstrand (70 år). Arrangementet var ope for alle som ønskte å vere med.

Juni, juli, august

Medlemer av styret og innleigde omsetjarar arbeidde med å setje om alle partiprogramma til dei Oslo-partia som ønskte det, frå bokmål til nynorsk. Programma til Høgre, Ap, SV, Sp, Raudt, Krf, V og MDG vart sette om. Dette var særst vellykka, og vart godt mottatt av partia. Oslo Mållag søkte om økonomisk støtte til dette frå Fritt Ord, Noregs Mållag og Fylkesmållaget Vikværingen, men det var berre Vikværingen som ville støtte prosjektet (med kr 3000,-).

5. september

Styret vitja valbuene i Oslo. Vi informerte om mållagsarbeidet vårt og snakka om nynorsk generelt, sidemål i Oslo spesielt, og fortalde om prosjektet med å setje om partiprogramma. Vi opplevde å bli særst godt tatt imot i alle buene vi stoppa ved.

16. oktober

16. oktober var det nynorsk motivasjonsdag på Det Norske Teatret i Oslo for fjerde år på rad. Programmet var særleg retta mot lærarar på mellom- og ungdomssteget. Det kom om lag 80 engasjerte lærarar, flest frå Oslo og Akershus, og nokre frå andre fylke. Arrangementet er eit samarbeid mellom Fylkesmållaget Vikværingen, Bærum Mållag, Oslo Mållag og Lærarmållaget, og Utdanningsetaten i Oslo står som medarrangør. I tillegg kjem økonomisk støtte frå Noregs Mållag og målnemnda i Bondeungdomslaget i Oslo.

Sidan oppstarten i 2016 har ideen spreidd seg, og det blir no arrangert liknande motivasjonsseminar mange stader i landet. Siktemålet med arrangementet er å gi lærarane fagleg påfyll og komme med gode pedagogiske tips og innspel. I tillegg er dette ein sosial møteplass på tvers av skulane, og deltakarane får høve til å knyte kontaktar og dele erfaringar med andre i same situasjon.

Dosent Jens Haugan og lektorstudent Silje Nathalie Luvåsen opna programmet med å snakke om byte av målform i skulen og kva rettar elevane har om dei ønskjer det. Luvåsen fortalde om eigne røymsler om at målbyte kan vere eit krevjande val.

Det første pedagogiske innslaget var ved Elin Heggelund frå Vennersberg skole på Kongsvinger. Ho greidde ut om gode erfaringar med tidleg start med sidemål i barneskulen.

Vidare snakka Ellinor Bergli Bustad frå Skaun ungdomsskole om sidemål i ungdomsskulen etter fagfornyinga, dels om regelverket for dette og dels om korleis ein kan leggje opp sidemålsundervisninga for å halde på engasjementet og lærelysta hos elevane.

I tillegg til dei faglege innslaga var forfattaren Ragnar Hovland invitert for å fortelje om barne- og ungdomsbøkene sine og korleis han tenkjer når han skriv for dei yngste.

Motivasjonsdagen blei avrunda med smakebitar frå framsyningar som Den mangfaldige scenen har hatt, og Liv Hege Skagestad la fram korleis Den mangfaldige scenen arbeider, og om skulegjestingane dei gjer.

Frå arrangørane stilte Det Norske Samlaget, Skald, Aschehoug og Gyldendal. Dei viste fram aktuelle bøker og snakka med interesserte lærarar. Den alltid engasjerte Per Henning Arntsen frå skriarstova var òg til stades med sin stand og informerte om arbeidet i Noregs Mållag.

Jens Kihl leidde møtelyden gjennom programmet med stø hand og røyst. Han har vore fast konferansier i dei fire åra det har vore nynorsk motivasjonsdag i Oslo.

8. desember

Songlaget i BUL heldt julekonsert i Gamle Aker kirke, og Oslo Mållag subsidiserte konsertbilletter til medlemmer som ønske å gå på konserten.

Løyvingar

Oslo Mållag mottok ingen søknader om løyvingar i 2019.

Deltaking

Laget var representert med to frå styret på årsmøtet til Fylkesmållaget Vikværingen 13. mars 2019. To medlemmer reiste på vinterseminar på Lillehammer i januar, tre medlemmer deltok på dagsseminar om strategi i Oslo 21. september, to deltok på seminar for unge vaksne, også i september.

Media

Oslo Mållag fekk god mediedekning i samband med nynorskdagen 12. mai. Da var det ein større reportasje i Norsk Tidend, omtale i Klassekampen og ein notis på Framtida.no. Saka vart også nemnd i Dag og Tid. I samband med at vi sette om partiprogramma før valet, fekk vi også omtale i Norsk Tidend og på Framtida.no. Motivasjonsdagen fekk òg spalteplass i Norsk Tidend. I 2019 har facebookside vår hatt noko meir aktivitet enn tidlegare år.

Blesting

Oslo Mållag har sendt ut nokre nyhendebrev. Aktivitetar har òg vorte blesta på Facebook med egne hendingar og med hendingar grannelaga våre har. Vi fekk ny nettside i 2019, oslomållag.no. I perioden har vi òg hatt ein Snapchat-konto og ein Twitter-konto, men desse har ikkje vore i aktiv bruk. Laget har sendt ut meldingar på e-post i samband med alle arrangementa vi har hatt, og også nokre av grannelaga våre.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga frå Oslo Mållag 2019–2020.

SAK 3: Arbeidsprogram 2020

1.0 Føremål

Oslo Mållag skal arbeide for å styrkje målreisinga i hovudstaden. Vi ønskjer å auke bruken av det nynorske skriftmålet og nynorsk tale, både nynorsk standardtalemål og dei nedarva dialektane.

Oslo har eit av dei største lokallaga i landet målt i medlemstal, og hovudstaden hyser mange nynorskskrivande innbyggjarar. Det er ei viktig oppgåve å fremje interessa for målsaksarbeid mellom desse. Gjennom mållaget i Oslo kan målfolk i byen stå saman og få sterkare gjennomslag for synsmåtane sine andsynes styremaktene og allmenta.

2.0 Målpolitikk i hovudstaden

2.1 Språk i skulen

Oslo Mållag vil halde fram med å jobbe for nynorsk i Oslo-skulen. Det inneber å halde oppe diskusjonen om nynorsk som sidemål, og argumentere for at den gjeldande sidemålsordninga i grunnskulen og den vidaregåande skulen held fram.

Vi vil prioritere arbeid retta mot sidemål i Oslo-skulen. Det inneber å arbeide aktivt for å få oppretta (ei) nynorskklasse(r) i Oslo, informere foreldre om retten til dette og til alternativt å ha pensum og læremiddel på nynorsk. Vi vil aktivt støtte og hjelpe eventuelle skular som planlegg å opprette nynorskklasse.

2.2 Offentleg målbruk

Oslo Mållag vil halde auge med språkbruken i offentlege organ i hovudstaden og stimulere til meir og betre nynorskbruk.

2.3 Nynorskdag

Oslo Mållag vil følgje opp arrangementet med nynorskdag kvart år. Nynorskdagen er den 12. mai, på årsdagen for jamstillingsvedtaket i 1885. Oslo Mållag arrangerer nynorskdag i hovudstaden, men oppfordrar også andre lokallag til å markere nynorskdagen lokalt. På nynorskdagen 12. mai fokuserer vi på å ha låg terskel for å skrive nynorsk. Vi vil dele ut ein pris – målblomen og eit diplom – til ein person eller ei bedrift eller andre som har utmerkt seg ved å ta i bruk nynorsk i ulike samanhengar, t.d. i marknadsføring.

2.4 Landsmøtet 2020

Oslo Mållag har som mål å sende sju delegatar til landsmøtet i Stavanger i april.

3.0 Organisasjonsutvikling

3.1 Målbar

Målbar er nemninga vår på ein møtestad for målfolk i og omkring Oslo. Oslo Mållag arrangerte målbar fire gonger i 2019. Målet var å arrangere minst to. Vi held på at målet er å ha minst to slike arrangement, og det er berre fint om vi greier fleire. Med gode økonomiske rammer er dette mogleg å oppnå.

3.2 Medlemsvekst

Oslo Mållag vil arbeide for å auke medlemstalet meir i 2020. Laget skal ha minst éin vervekampanje i perioden.

3.3 Synleggjering av organisasjonen

Oslo Mållag vil arbeide for å bli enda meir synleg i media. Laget har som mål å ha minst eitt medieutspel i halvåret. Vi skal sende ut e-post til medlemene, dele informasjon om saker og arrangement i sosiale medium og invitere journalistar til større hendingar. Nynorskdagen viste seg å føre til god mediedekning, så vi vil satse på fleire medieutspel i samband med nynorskdagen 12. mai. I tillegg vil vi prøve å få mediedekning i samband med motivasjonsdagen og andre arrangement.

3.3.1 Heimeside og sosiale medium

Oslo Mållag skal ha ei aktiv og velfungerande Facebook-side, der aktuelle arrangement vert delte og der det vert informert om viktige saker. Laget skal arbeide for å vere meir synlege også i sosiale medium. Vi skal òg ha ei oppdatert heimeside som inneheld generelle opplysingar om laget, med lenkje til Facebook-sida.

3.4 Samarbeid

Oslo Mållag skal søkje samarbeid med andre lokale mållag og aktuelle nynorskorganisasjonar i Oslo-området. Oslo Mållag skal stø opp om arbeidet til andre mållag i Oslo og Akershus. Oslo Mållag skal òg, i samarbeid med Studentmållaget i Oslo (SmiO), vere ei vaktbikkje andsynes språkpolitikken til universiteta og høgskulane i området.

Framlegg til vedtak:

Det framlagde programmet er arbeidsprogram for Oslo Mållag i 2020.

SAK 4: Rekneskap og budsjett

Oslo Mållag har solid økonomi. Rekneskapen for 2019 er gjort opp med eit overskot på 9432 kroner, mot eit budsjettert overskot på 5100 kroner, trass i at vi brukte meir på å omsetje partiprogram ved lokalvalet enn vi hadde rekna med. Hovudårsaka til at overskotet likevel blei større enn budsjettert, er at vi hadde lågare utgifter til målbar og tilskipingar og til løyvingar enn vi hadde tatt høgde for i budsjettet.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for Oslo Mållag 2019.

Årsmøtet vedtar det framlagde budsjettet som budsjett for Oslo Mållag 2020.

SAK 5: Fastsetjing av årspengar for 2021

Framlegg til vedtak:

Lokalsats for Oslo Mållag held fram med å vere 100 kroner.

SAK 6: Val av styre

Framlegg frå valnemnda: **Kjem!**

Styret i Oslo Mållag 2020:

Leiar:

Styremedlem:

Styremedlem:

Styremedlem:

Styremedlem:

Varamedlemer:

1)

2)

3)

SAK 7: Val av ettersyn

Framlegg til ettersynsmann: **Kjem**

SAK 8: Val av valnemnd

Framlegg frå styret: **Kjem**

SAK 9: Val av utsendingar til årsmøtet i Fylkesmållaget Vikværingen

Framlegg frå styret: **Kjem**

Sak 10: Val av utsendingar til landsmøtet i Stavanger i april

Framlegg frå styret: **Kjem**

SAK 11: Anna

Facebooksida vår: <https://www.facebook.com/OsloMallag>

Nettsida vår: oslomallag.no